

Forvaltningskomiteen vedtok samrøystes og utan debatt innstillinga frå rådmannen i saka om kårhustomt for Møyfrid og Anders Kristoffersen på Storhaug ovanfor Musland.

Det betyr at klagen frå landbruksavdelinga og miljøvernavdelinga hjå fylkesmannen ikkje blir teke til følge og at komiteens tidlegare vedtak i saka blir oppretthalde. Dei to avdelingane viste til at huset vil bli liggjande langt frå tunet og at det er erfaring for at slike hus blir delt frå.

Komiteen gjev derimot dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen slik at hus nummer tre kan byggjast på Storhaug. Men eit vilkår er at tomta/huset vert trekt nærare inn i terrenget slik at ho ikkje blir ei "øy" i landskapet.

Eit anna vilkår er at tilkomst til tomta vert frå eksisterande avkørsel/snuplass og følgjer eksisterande trase.

Saka går no til justis- og forvaltningsavdelinga hjå fylkesmannen for endeleg avgjerd.